

Takk til Uskedalen for støtte til barneheimen i Umred.

08.10.2018



Mary, Effi og Lina var 17. juni med på gudsteneste i Uskedalen og samling med middag i Helgheim.

Margunn og Sigmund Håland sender takk til Uskedalen for all støtte til barneheimen i Umred i India. Sidan Lina Håland kom til Uskedalen som sokneprest har kyrkja drive diakonalt arbeid med å samla inn midlar til drift og vidare utvikling av arbeidet for å gje fattige born mat, klede, skule og omsorg. Ei samling i juni med besøk frå India gav ei inntekt på kr. 40.000,-. Saman med andre inntekter er dette eit godt grunnlag for innkjøp av ny bil.

Bilen har ein kostnad på kr. 73.000,- og ein reknar med at bilen vert kjøpt med det fyrste. Det er ei vanskeleg tid for kristne i India for tida. Statsministeren ynskjer ikkje kristen forkynning, men at landet skal vera ein rein hindu stat. Med over 50 millionar kristne i India, skjørnar alle at dette er svært vanskeleg og krevjande situasjon.



Sidan Lina Håland kom til Uskedalen som sokneprest har soknerådet hatt fleire innsamlingar til barneheimen i Umred.

Familien David i India har ikkje lov å driv barnehjem der borna er på heimen heile dagen. Det er berre lov å drive barnehage og skule på dagtid. 25 born i alderen 3 - 6 år kjem frå slummen og får skule og opplæring. Alle får eit måltid mat kvar dag.

Dei som vil halda fram med støtte til barneheimen i Umred, kan bruka konto 3205.24.06748 eller Vippsnr. 520137.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Sigmund Håland er prosjektleiar for nye lokale næringstiltak i Umred.